# Kyrkjelydsblad for Arna

NR. 4 MAI 1998 31. ÅRG.



**Me ynskjer alle lesarane ein riktig god sommar**

# Bekjenn dem og glem dem



AUDUN STØLÅS

Skrell det, kok det eller glem det. Slik lyder huskeregelen som våre helsemyndigheter utstyrer oss nordmenn med når vi skal besøke land med dårligere hygiene og med våre sarte mager ta for oss av landets matretter.

Den engelske middelaldermunken Andrew Boorde har skrevet en forunderlig bok om hvordan man kan oppnå god helse gjennom glede. Han beskriver hvordan både matvaner, søvn og boliginnredning kan skape større glede. I et kapittel om det glade hjertet har han også en oppskrift på hvordan vi skal forholde oss til våre synder. Munkens anbefaling kan minne litt om moderne helsemyndigheters råd til reisende i u-land, selv om det verken er snakk om å skrelle syndene våre eller koke dem - hvordan det eventuelt skulle kunne gå for seg.

Bekjenn dem og glem dem, lyder Boordes oppfordring.

Det minner litt om innholdet i en kristen barnesang om at Gud «har kastet alle mine synder bak sin rygg, han ser dem aldri mer». En predikant fikk engang spørsmålet om hva som var de tre viktigste ting i kristendommen. Svaret lød: syndenes forlatelse, syndenes forlatelse og syndenes forlatelse. I Bibelen blir sannheten om oss mennesker klart fastslått slik at vårt st›rste åndelige behov er å få våre synder tilgitt. Og fordi Jesus Kristus sonte våre synder på korset får vi tilgivelse når vi ber Gud om det. I Johannes' første brev 1,8-9 lyder det: Sier vi at vi ikke har synd, da bedrar vi oss selv, og sannheten er ikke i oss. Men dersom vi bekjenner våre synder, er han (Gud) trofast og rettferdig, så han tilgir oss syndene og renser oss fra all urett.

Kong David skriver i Salme 32 om «Salig er den som har fått sine overtredelser tilgitt og sine synder skjult». I den samme salmen i Det gamle testamentet beskriver han også hvordan han kjente det da han lot være å bekjenne: «Så lenge jeg tidde, tærtes jeg bort, jeg stønnet dagen lang. For din hånd lå tungt på meg dag og natt. Min livskraft tørket bort som en eng i sommerheten». Men David beskriver også gleden og jubelen over å ha fått sine synder tilgitt:

«Gled dere i Herren. Bryt ut i jubel, dere rettferdige! Alle oppriktige, rop av fryd»!



# Velkommen til nytt konfirmantår!

## Konfirmantinnskrivning Arna og Ytre Arna sokn

**ARNA KYRKJELYD**
Konfirmantinnskrivingen finner sted i Arna kyrkjelydshus til disse tidene;

Konfirmanter fra Arnatveit/ Lone/ Unneland og Haukeland:
**Tirsdag 16. juni.**

Konfirmanter fra Indre Arna/ Garnes/ ..nes og Trengereid: **Onsdag 17. juni.**

Alle dager: **Jenter** møter **kl. 17.00** og **gutter** møter **kl. 18.00.**

**YTRE ARNA KYRKJELYD**
Konfirmantinnskrivning finner sted i Ytre Arna kyrkjelydshus:
**Tirsdag 16. juni kl. 18.00.**

***Ta med skrivesaker.***
***De som ikke er døpt i Arna/ Ytre Arna må ta med dåpsattest.***

---

# ALPHA-KURS I INDRE ARNA OG YTRE ARNA

Alpha-kurset er en presentasjon av Jesus Kristus som fremdeles er den mest fengslende person det går an å bli kjent med.

Var han bare et menneske eller var han Guds Sønn? Hva har det i så fall å si for vårt daglige liv? Er du på leting etter sannheten om Jesus eller vil du lære Ham nærmere å kjenne? Da er et Alpha-kurs stedet for deg.

Her er en medmenneskelig og god tone med respekt for hverandre, selv om vi har ulike meninger.

Vi har hatt noen fine kurs allerede, der vi har fått oppleve mye flott sammen. Nye vennskap er dannet, og vi har fått et sterkere møte med Kristus.

Nå er vi spente og forventningsfulle til høstens to Alpha-kurs. Kurset går over 10 kvelder + 1 weekend-samling. Påmelding til kyrkjekontora.

**VI STARTER OPP:**

**I INDRE ARNA KYRKJELYDSHUS**
**MANDAG 7. SEPT.**

**I YTRE ARNA KYRKJELYDSHUS**
**ONSDAG 9. SEPT.**

Vi håper at du setter av dagen, tar sjansen og blir med.

For mer informasjon, kontakt kyrkjekontora.

*Bjørg Albrechtsen/Roald Bernes*

# Fire veker som korttids-stipendiat ved NLA

*Frå Grethe Reigstad Tennebø, har vi fått tilsendt dette stykket, som opphaveleg er skrive for Kyrkjelydsbladet i Gloppen, der ho bur. Ho har røtene sine frå Ytre Arna, og difor kunne ho tenkja seg at dette kunne vera aktuelt/interessant å ta med i Kyrkjelydsbladet for Arna.*



***Grethe Reigstad Tennebø var elev på heiltid i ein månad for å studere KRL, det nye kristendomsfaget.***

Student, elev på heiltid i Bergen ein heil månad for å studere KRL, «det nye kristendomsfaget, faget med det lange, vanskelege namnet» ved Norsk Lærarakademi. Innvilga 2000 kroner frå NLA og permisjon frå lærargjerninga på Gloppen ungdomsskule.

Full av forventning og spaning kom eg tilbake til NLA der eg hadde vore pedagogikkstudent for 18 år sidan. Flott å møte att kontorfullmektig Laila Fagerlid, som framleis var der. Einar Reigstad, ein sambygding frå Ytre Arna dukka opp óg. Ein god start for ein fersk student som ivra etter å kome i gang. Her gjaldt det å nytte tida godt!

Velvillige lærarar orienterte om planar, førelesningar og bøker. Eg erfarte etter kvart at dei gjekk sjølve rundt som bøker (les levande kunnskapskjelder), professorutdanna som mange var. (Orakler frå Delfi). Alt i alt midt i blinken for ei som kjende seg kunnskapshungrig i forhold til KRL.

Dei to andre korttids-stipendiatene viste seg å vere ein dansk rektor på ein Efter-skole i Hedemølle, og ein folkehøgskulerektor frå Stokmarknes. Vi skulle alle få oppleve fire annleis og uforgløymelege veker ved NLA.

**KVA ER NLA?**

Det er ein vitskapeleg høgskule som byggjer si verksemd på den evangelisk-lutherske tru. NLA er eigd og blir drive av sju landsomfattande friviljuge, kristelege organisasjonar: Det Norske Lutherske Indremisjonsselskap, Den Norske Santalmisjon. Det Norske Misjonsselskap, Det Vestlandske Indremisjonsforbund, Norges Kristelege Student- og Skoleungdomslag, Norsk Luthersk Misjonssamband og Norsk Søndagsskoleforbund. I følgje grunnreglane skal akademiet også drive forskning, og heilt frå starten har forskning og undervisning gått side om side. Akademiet har prøvd å legge forholda til rette slik at forskningsdelen heile tida kunne utgjere ca. 50% av det vitskaplege personalets totale årsverk.

NLA dyktiggjer lærarar og andre studerande til teneste i skulen, i dei kristne organisasjonane i kyrkja og mellom andre folkeslag og kultursamfunn. NLA gjev undervisning i kristendom og pedagogikk. I tillegg kjem ei rekkje stipendiatar og hovedfagstudentar som har fått fagleg veiledning ved akademiet, samt eit stigande antal deltakarar ved Pedagogisk senter si kursverksemd. Eg kan nemne at akademiet hadde 300 innskrivne studentar til dei eksamensretta studia i 1980 og 1981.

Vi korttidsstudentane glei alle raskt inn i den vanlege «donten» ved skulen i Sandviken. For meg blei det inspirerande forelesingar, livsberikande samtalar med både lærarar og studentar. Andakt og bøn kvar dag. Spesielt artig å møte Gloppenungdom under utdanning på akademiet! Vi fekk også med eit besøk på den kristne Lærarhøgskulen som låg på Breistein, der tidlegare Vestlandsheimen låg. Å få ta del i Arve Brunvoll, lærar ved NLA, sin doktordisputas på det juridiske fakultet var og ei ny erfaring. Sjølvsagt fekk vi med oss både konsertar, filmar og teaterbesøk i fritida. Heilt på tampen av opphaldet sette Vestlandske Lærarstemne prikken over i`en på Bergensopphaldet! Spennande diskusjon der om akkurat det nye KRL-faget!

Sidan eg har lova Lærarakademiet denne epistelen i Kyrkjelydsbladet, vil eg spesielt takke dei for at eg fekk innvilga dette stipendet, samt for den velvilje, venlegheit og positivitet eg blei møtt med! Eg reiste heim att med ein ny tryggleik som kristendomslærar og god innsikt i KRL.

*Takk til alle på NLA som var med å bidra til dette!*

Beste helsing
***Grethe Reigstad Tennebø***



## Gudstjenesten (4)

# Forkynnelse av Guds ord



*Av Trygve Johansen*

I forrige artikkel om gudstjensten skrev vi om bønn og lovsang, som tilhører innledningsdelen i vår gudstjeneste. Denne gang vil vi skrive om den andre hoveddelen, som er forkynnelsen av Guds ord. Justin Martyr har skrevet en Apologi som beskriver tiden rundt år 150. Her får vi høre at når de kristne kommer sammen, så leser de fra «apostlenes beretninger og profetenes skrifter så lenge tiden tillater det».

Sannsynligvis har dette vært en fortløpende lesning fra gang til gang. Først senere fikk vi de kortere tekster, slik vi har idag.

Når det gjelder skriftlesningenes eldste historie, så er den stort sett ukjent for oss. Det er likevel grunn til å regne med at tradisjonen å lese fra Skriften i synagogen ble overtatt av den eldste kirke. I vår gudstjeneste har vi en tekstleser som fra lesepulten først leser en tekst fra Det gamle Testamentet. Denne teksten passer til det spesielle tema som den aktuelle kirkesøndag har. Deretter synger menigheten sin høymessesalme, som er hovedsalmen for dagen. Den bør også passe inn i tema for dagen. Så følger den andre tekstlesningen, som er fra brevlitteraturen i Det nye Testamentet. Tanken er at også den skal passe inn i dagens tema. Det er likevel ikke alltid slik at lesetekstene passer like godt sammen med tema fra prekenteksten. Etter at lesetekstene er lest fra lesepulten, sier menigheten fram sammen med trosbekjennelsen. I vår gudstjeneste bruker vi den apostoliske troskjennelse, som er kirkens offentlige vitnesbyrd.

Menigheten bekjenner her sin tro på den treenige Gud. I høytidene kan den apostoliske trosbekjennelse bli skiftet ut med den rikeste trosbekjennelse. Når det er dåp i gudstjenesten, så blir trosbekjennelsen brukt i dåpsliturgien, og da blir den vanligvis tatt bort etter andre tekstlesning. Etter trosbekjennelsen følger så salmen før prekenen. Tanken er at denne salmen bør være en bønnesalme før Guds ord blir forkynt. I denne salmen ber menigheten om hjelp til å høre Guds ord.

Etter at presten er kommet på prekestolen, leser han en tekst fra et av de fire evangelier. Vi har to tekstrekker i vårt kirkeår, og det betyr at tekstene kommer igjen hvert annet år. Av og til blir prekenteksten byttet ut enten med en av de to lesetekstene eller med en annen tekst. Dette er for å få mer variasjon i prekentekstene. Når presten preker, så er den leste teksten grunnlaget for prekenen.

Salmen etter prekenen velges gjerne ut fra hovedtankene i teksten. Det er meningen at menigheten gjennom denne salmen skal få gi sin tilslutning til det som har vært sagt i prekenen. Det er rett at menigheten kan få «øse ut sitt hjerte» i salmen etter prekenen. Som konklusjon vil vi si at det er en klar sammenheng mellom første tekstlesning, høymessesalmen, andre tekstlesning, trosbekjennelsen, salme før prekenen, prekenen og salmen etter prekenen. Det er ikke alltid like lett å se sammenhengen i praksis, men prinsipielt sett så er den der. Se etter denne sammenhengen neste gang du går til Guds hus.

Velkommen til kirke på søndag!

# *Frå bedehusland*

## Betania, Lone

**Juni**

Søn. 07. Y-ungdomsstemne
Tor. 11 Nattverdmøte
Søn. 14. Santalmisjonen. **Ingvard Jærdal**
Søn. 21. NLM. **Sigurd Rydland**
Søn. 28. BUF

**Juli**

Søn. 05. HIM
Søn. 12. NLM. Bøne- og vitnemøte
Søn. 19. BUF
Søn. 26. HIM. Bøne- og vitnemøte

**August**

Søn. 02. NLM. **Sigurd Rydland**
Søn. 09. BUF
Søn. 16. HIM
Tor. 20. Nattverdmøte
Søn. 23. NLM. **Magnvald Mæstad**
Søn. 30. BUF

## Arna Bedehus

**Juni**

Søn. 07. Tur?
Søn. 14. Årsmøte Nordhordl. Indremisjon
Fre. 26. Bønesamling, Frie Evang. kl. 18.00

**Juli**

Fre. 31. Bønesamling, Indre Arna Bedehus kl. 18.00


## Sætervika Ungdomssenter

| | | |
|---|---|---|
| 19.-22. juni | 8-10 års leir | kr. 390,- |
| 22.-25. juni | 10-12 års leir | kr. 410,- |
| 25.-27. juni | 7-10 års leir | kr. 245,- |
| 29/6-3/7 | Aktivitetsleir, 12-14 år | kr. 620,- |
| 27.-31. juli | Ferieleir, 8-12 år | kr. 520,- |
| 31/7-3/8 | Generasjonsleir | kr. 250,-/520,- |
| 04.-09. aug. | Interesseleir, 13-18 år | kr. 760,- |
| 10.-14. aug. | Ferieleir, 10-14 år | kr. 550,- |

KANO - BÅT - BADELIV - TARZANLØYPE - TRAMPOLINE - SLENGTAU - NATURSTI - BALLSPILL - SPEL - LEIKAR

*Sætervika Ungdomssenter ligg fint til ved Samnangerfjorden. Kvar dag på leir får vi høyra om Jesus og misjonsarbeidet.*

**Påmelding/nærmare opplysningar:**
**NORSK LUTHERSK MISJONSSAMBAND**
**Ø. Murallm. 18, 5012 Bergen**
**Tlf. 55 32 12 52**



HVORDAN HAR DU DET
*egentlig?*

**Kirkens SOS 815 33 300**

ET MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST




# Bibelkurs på internett

Norsk Kristelig Studieråd har utarbeidet et bibelkurs over Johannesevangeliet, «Fra skapelse til oppstandelse», der man kombinerer lokale kurs med internettkurs.

Kurset er lagt opp både som seks samlinger, for eksempel på menighetshuset, men en utgave av kurset finnes også på internett. Man kan også bruke internettopplegget på kurssamlingene.

I internettutgaven kan man lese utvalgte bibeltekster, klikke på ord og uttrykk som de ønsker forklaring på eller kommentarer til. Og man kan sende spørsmål og kommentarer på e-post, og svar vil bli sendt til den som spør.

Kurset er utviklet av teologen Anders Paulsen i samarbeid med en prosjektgruppe.

Internett-versjonen finner du på Studierådets hjemmeside: **http://www.kristelig-studierad.no.** Informasjon om kurset kan også fås fra Norsk Kristelig studieråd, Hvamstubben 17, 2013 Skjetten. Tlf. 63 84 48 01. Fax. 63 84 48 03.

Studierådet står fortsatt til disposisjon med råd og støtte til studiearbeid i menigheter eller organisasjoner.



***Bibelkurset på internett er utviklet av Anders Paulsen (t.h.). Anders Nordby, daglig leder av Norsk Kristelig Studieråd følger med på den nye typen studieopplegg. (Foto: Kirkeinfo)***

En mann gikk forbi et hus der det satt en Samaritan og vasket katten sin. Han sa til Samaritanen at han ikke trengte å gjøre det – det greier katten sjøl.
Om kvelden kom mannen forbi huset igjen. Da så han katten ligge død utenfor.
– Det var det jeg sa, du skulle ikke ha vaska katten! ropte mannen.
Da svarte Samaritanen: – Det var ikke da jeg vaska katten at den døde. Det var da jeg vrei den.

*Fra konfirmantavisen «Jerusalem Post»*

**ARNA PRESTEGJELD**
**Arna Kyrkjekontor, Borgstova, Indre Arna:** Tlf. 55 24 04 00 og 55 24 02 15.
**Kontortid:** Tirsdag, onsdag, fredag kl. 10.00-12.00.
Torsdag kl. 17.30-19.00.
**Kyrkjekontoret i Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jebsensv. 39:** Tlf. 55 24 85 46.
**Kontortid:** Onsdag og fredag kl. 10.00-11.30.
**Kyrkjegardane i Arna:** Tlf. 55 24 05 69. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-11.00.

# TANKAR ETTER EIN KYRKJESUNDAG, 11.01. 1998

*I dag har eg vore på familiegudstenesta i kyrkja. Det er alltid like høgtideleg å koma inn i kyrkja. Men det eg har sakna der sidan kyrkja vart så fint oppussa, er det fantastiske maleriet over kordøra, der Jesus breier ut armane sine, og likesom favnar over alle som sit nede i benkene. Under står skriftstaden: «Sæle er dei som høyrer Guds ord og tek vare på det», Lukas 11,28. Eg synest eg minnest det i gotisk skrift.*

Det var fint med folk i kyrkja, 4 barnedåpar, og mange born og unge. Nese forretta, og då er ein alltid sikker på at tilhøyrarane ikkje fell i svevn. Han stod i kordøra og kom på den måten meir i direkte kontakt med tilhøyrarane. Teksten var om Jakobsstigen. Han hadde ein flanellograf med, der me såg stigen og englane som gjekk opp og ned. Jakob sov med ein stein under hovudet og drøymde om stigen som gjekk frå jorda og opp i himmelen. Presten fengsla desse unge så det var fantastisk å sjå. Ja, jamvel eg med mine fleire over 80 år følte meg som skulejente igjen.

Nese oppmoda oss om å gå heim og lesa 1. Mosebok. Eg gjekk heim og fann fram bibelsoga me hadde på skulen, ho er frå 1922. Overskrifta på stykkjet var: «Jakob flyr og tenar hjå Laban», 1. Mosebok 27-30. Eg slo og opp i GT for å samanlikna. Eg har mange gonger vore imponert over kor mykje eit slikt lite bibelsogestykkje kan få med av teksten i Bibelen, for der står det så mykje meir. Men hovudinnhaldet var alltid med i desse små bibelsogestykkja. Desse lærde me på rams utanatt. Om ikkje ordrett, så sit enno hovudinnhaldet. Så kjem tankane. Korleis er det med borna i dag, som så og seia ingen kristendomsundervisning har?

Eg minnest ein tur til Amerika i 1968. Der fekk eg og ei kusine av meg ei omvising i ein katolsk hage i Tigard Oregon. Ei oppleving eg aldri kjem til å gløyma. Ein nordmann kan nesten ikkje beskriva korleis ein hage eller park er der borte. Alle stader tre og blomar. Men arrangementet og temaet gjennom alt var Jesu liv frå fødsel til grav og himmelfart.

Langs fine vegar som snodde seg kring heile hagen, var der små nisjer, laga av kvit marmor, og i desse var det montert krusifiks, også av marmor. Der var bilete av Jesu fødsel, Jesus i tempelet, då Jesus vart døypt av Johannes, ja, til og med dua som dala ned. Elles alt det me hadde lært på skulen og sett på bilete, Getsemane, korsfestinga, den tomme grava, himmelfarten og Den heilage Anden pinsedagen. Me gjekk og såg og hadde ved sidan av ein aldeles herleg musikk. I kvar nisje var der benkar som ein kunne setja seg ned på og meditera. Det var ei oppleving for meg, men kusina mi, som var vaksen opp i N. Dakota, hadde aldri sett desse bileta. For henne kunne ei løve eller ein elefant ha vore like fin å sjå på. Det som for meg var liv i kvar ny figur, var for henne flott handarbeid.

Det var inga kristen undervisning på skulane der borte. Søndagsskule forstod eg at dei hadde, men på farmane, der det var langt mellom naboar, vart det ikkje gått så ofte på søndagsskulen.



***Familiegudstjeneste i Arna kyrkje.***

Kanskje vil det ikkje gå så mange år før Norge opplever den same lagnad? Då våre born gjekk på skule, var her kristendomsundervisning, som dei vil nok hugsa. Dei har følt det på kroppen å pugga bibelsoge og forklaring, dei 10 boda og kva religionen stod for. Då våre barneborn kom, tynnast det ut med kristendomskunnskapen.

No er det vel helst eit fag som skaper meir uro blant elevar, kva skal me tru av alle religionar? Me hadde det godt, me hadde vår faste tru på Jesu fødsel, korsfesting og oppstode. Då me var små, trudde me på engelen, som stod ved senga vår om natta og passa på oss. Me trudde på bøn, og den trur me på enno. No må me bruka denne flittig og be for den komande slekt. Alle desse herlege unge må ikkje gå fortapt av mangel på kunnskap om Jesus, som no ser ut for å vera ein overflatisk tanke for dei fleste.

*S.H.*

Korsvei-festival i Seljord 21.-26. juli:

# Møte med Menneskesonen

*Siste veka i juli vert det skipa til Korsvei-festival i Seljord i Telemark. Etter ein vellukka festival i 1996 bestemte den tverrkyrkjelege Korsvei-rørsla å dra attende til bygda som tok så vel imot dei omlag 1400 deltakarane sist. Tema for festivalen som vert halden 21.-26. juli er «Kven seier de at Menneskesonen er?»*

Korsvei har sidan 1985 arrangert sommarfestivalar for å utfordra menneske til å søkja fortruleg fellesskap med Jesus Kristus og sameina seg med han i kampen for livet i den verda me lever i.

Festivalen i år vil sjå nærare på Menneskesonen i ljos av dei fire «vegvisarane» rørsla nyleg har laga seg: Søkja Kristus, byggja fellesskap, leva enklare, fremja rettferd. Ved at kvar dag får sin vegvisar, vil ein danna seg eit bilete av Menneskesonen frå fire vinklar. Både morgonbøn, bibeltimar, seminar og andre fellessamlingar vert prega av dette.

Bibeltimane vert i år haldne av to gamle kjenningar i Korsvei-samanheng: Geir Gundersen som inntil for kort tid sidan var forstandar på Diakonhjemmet i Oslo og som frå hausten av skal vera generalsekretær i Blå Kors, og gateprest i Trondheim, Jon Henrik Gulbrandsen, som har vore styreleiar i Korsvei.
Det vert daglege seminar knytta til dagens vegvisar, i tillegg til at Peter Halldorf vil ha eit tre-dagars seminar. Han er svensk pinsepastor med sans for dei gamle kyrkjefedrene og vil snakka om korleis kampen for trua på at Jesus var både Gud og menneske også var ein kamp om menneskesynet.

Dei fleste av deltakarane kjem til å bu i teltleirar. Kvar kveld slår to eller tre slike leirar seg saman og får besøk av trubadurar og forteljarar til programposten «Sjutimen». Dette er tidspunktet på dagen då alle aldersgruppene samlast.

Som sist vert det reist eit stort telt på plassen, «Tabernakelteltet». Her vert det laga i stand meditasjons- og bønerom, og det vert felles bøn i teltet, både midt på dagen og om kvelden.

Tenåringane får sitt eige Korsvei, men vil delta på nokre av fellesarrangementa. For første gong er tenåringane sjølv med i planleggjinga av ungdomsprogrammet. Bibeltimane for tenåringane skal haldast av Tone Lindheim, som er misjonær for Misjonsalliansen i Bolivia, og Nils-Terje Andersen, som studerer teologi.

Borna har også sitt eige tilbod i aldersbestemte grupper kvar føremiddag. Ivar Skippervold vert med på delar av barneprogrammet.

Korsvei-festivalane har alltid hatt god plass til kulturelle ytringar. Festivalen samarbeider med Sommarutstillinga i Seljord, og onsdagskvelden vert det musikkfest med Chateau Neuf Spellemannslag og dei 7 år gamle Vinjekvedarane Ingebjørg og Gro Kari Bratland.

Festivalen vil óg gje rom for folkemøte, folkefest, fellesskapskveld, Thomasmesse og nattkafé. Før festivalen vert det skipa til fjelltur i Austheiane/Fyresdal.

Ein stor festival lagar ikkje seg sjølv, så både før, under og etter festivalen er det bruk for mange i dugnaden. Dei fleste vaksne deltakarane vil få utdelt ei avgrensa dugnadsoppgåve under festivalen.

**Informasjon og påmeldingsbrosjyrar kan tingast frå: Korsvei, Postboks 3447 Bjølsen, 0406 Oslo. Du kan og ringe festivalkontoret, telefon 22 41 51 65.**



# Sjømannsmisjonen – et tilbud til alle!!!

Selvsagt, det vet vi vel det, vil mange si. Og flott er det!
Likevel, når vi nå går mot lysere dager vil vi få minne folk om denne for mange selvsagte ting.
Mange planlegger ferien sin nå. Og mange har tenkt seg til utlandet, derfor denne påminnelsen.
I nesten hvert land i Europa, og i mange av de mest kjente turistmetropolene i USA har Sjømannsmisjonen stasjoner/sjømannskirker.



Vi vil med dette få minne om og invitere dere til et besøk når dere drar forbi. Eller for å si det på en annen måte: «Ikke dra forbi når dere gjør det, dra innom».
Sjømannskirkene er kirkens og menighetenes utsendinger, som ønsker velkommen innom til en prat, utveksling av lokalinformasjon og dersom nødvendig «hjelp i nøden», kaffe og vafler for ikke å forglemme.
På mange av kirkene har en og muligheter for å se TV fra Norge slik at en kan følge med hva som skjer på hjemmefronten selv om en er langt vekke. Aviser fra hele landet finnes og på mange av kirkene våre.

Det vi gjerne vil med dette lille inserat er kort og godt å si: VELKOMMEN PÅ KJERKA!!!

**Her finner du oss:**
**Gøteborg, Stockholm, København, Hamburg, Rotterdam, Antwerpen, Paris, Brussel, London, Liverpool, Geneve, Berlin og i syden i Albir v/Alicante, Fuengirola, på Lanzarote og Gran Canary, Malorca og Kypros.**

Vil dere ha en adresseliste med telefonnummer å ha med, så kontakt Sjømannsmisjonens hovedkontor på telef. 55 55 22 55 i Bergen.

«Kjekt å ha», for å sitere Øystein Sunde.

*KRø.*

# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døypte

**Arna sokn:**
12.04: Anne Britt Rongved Brunsvik, Aleksander Hatlem.
19.04: Malin Garnes.
19.04: Evelyn Nilsen Låstad, døypt i Takvam kapell.
26.04: Sofie Lien Arnesen, Line Borge Kallestad, Sander Bøe Bertelsen, Jonas Storsæter, Even Bruarøy Arnetvedt, Andre Bruarøy Arnetvedt.

## Døde

**Arna sokn:**
02.04: Ragna Klara Charlotte Fotland, f. 1914
08.04: Kåre Solberg, f. 1916
09.04: Osvald Nilsen Thunes, f. 1920
12.04: Dagfinn Nilsen, f. 1924
19.04: Maria Øvsthus, f. 1915
21.04: Sanna Beate Petersen, f. 1912
25.04: Sigvald Algerøy, f. 1907
27.04: Lovise Magdalene Nysæther, f. 1911
29.04: Gjertrud Mjeldheim, f. 1909
02.05: Harald Sigurd A. Nordal, f. 1941
03.05: Eli Øvsthus, f. 1913
05.05: Ivar Kleiva, f. 1903
06.05: Jakob Tunestveit, f. 1920
08.05: Klara Michelsen, f. 1916
08.05: Svein Reithaug, f. 1925
08.05: Haldis Johanne Pogany, f. 1918

**Ytre Arna sokn:**
04.04.: Solveig Kristine Sagstad
05.05.: Kjell Kallekleiv
15.04.: Nils Martin Presthus
16.04.: Otto Iversen
16.04.: Bergliot Angelskår
04.05.: Anna Dorthea Skage



## Vigde

**Arna sokn:**
02.05.: Rune Sæterdal og Kristine Takvam
09.05.: Per Rune Hatlem og Mette Børve

## Ofringar:

**Arna sokn:**

| | | |
|---|---|---|
| 09.04.: | Kyrkjelydsbladet | kr. 4062,- |
| 12.04.: | Den Norske Sjømannsmisjon | kr. 5877,- |
| 19.04.: | Ung Kirkesang Bjørgvin | kr. 3060,- |
| 26.04.: | Barne- og ungd.prosjekt | kr. 2688,- |
| 03.05.: | Kyrkjelydsarbeidet kl. 10.00 | kr. 2022,- |
| 03.05.: | Kyrkjelydsarbeidet kl. 12.15 | kr. 5485,- |
| 10.05.: | Kyrkjelydsarbeidet kl. 10.00 | kr. 1347,- |
| 10.05.: | Kyrkjelydsarbeidet kl. 12.15 | kr. 3750,- |
| 17.05.: | Arna Sundagsskulelag | kr. 3595,- |

**Ytre Arna sokn:**

| | | |
|---|---|---|
| 19.04.: | Ung Kyrkjesong Bjørgvin | kr. 1842,- |
| 12.04.: | Institutt for Sjelesorg | kr. 1286,- |
| 26.04.: | Kyrkjelydsarbeidet | kr. 3105 |
| 01.05.: | Kristen arb. forbund | kr. 748, |
| 03.05.: | Kyrkjelydsarbeidet | kr. 2351,- |
| 17.05.: | KFUK-KFUM | kr. 1262,- |

**KYRKJELYDSBASAR**
**17. OKTOBER**
Dersom du har gevinstar til den årlege kyrkjelydsbasaren, kan desse leverast til Kyrkjekontoret innan september.
*Hjarteleg takk for hjelpa!*



# Kyrkjeskyss

**HAUKELAND/UNNELAND**
**7. juni**
Nils Minde ......................... tlf. 55 24 01 54
**14. juni**
Berit Haugsvær .................. tlf. 55 24 08 15
**21. juni**
Odmund Skjoldal .............. tlf. 55 24 28 76
**28. juni**
Sverre Myklebust ............... tlf. 55 24 29 05
**5. juli**
Ingrid Hope ....................... tlf. 55 24 08 08
**12. og 19. juli, fellesferie, ikkje skyss**
**26. juli**
Jens Hauge ........................ tlf. 55 24 01 43
**2. august** Nils Minde
**[illegible] august** Berit Haugsvær
**16. august** Odmund Skjoldal
**23. august** Sverre Myklebust
**30. august** Ingrid Hope

**ARNATVEIT OG INDRE ARNA**
**7. juni**
Jostein Monstad ................. tlf. 55 24 32 20
**14. juni**
Gunnar Kaaresen ............... tlf. 55 24 02 41
**21. juni**
Per Eide ............................ tlf. 55 24 15 15
**28. juni**
Kjartan Hollekve ................ tlf. 55 24 23 45
**5. juli**
Arne Håøy ......................... tlf. 55 24 03 26
**12. og 19. juli, fellesferie, ikkje skyss**
**26. juli**
Odd Kjos ........................... tlf. 55 24 17 82
**2. august** Jostein Monstad
**9. august** Arne Håøy
**16. august** Kjartan Hollekve
**23. august** Per Eide
**20. august** Gunnar Kaaresen

**NESTE NR. AV KYRKJELYDSBLADET**
Neste nummer av Kyrkjelydsbladet kjem etter planen ut **9. september.**
Stoff til bladet kan leverast til kyrkjekontoret innan **tysdag 25. august.**

## *Dei tilsette i kyrkjelydane*

***Sokneprest Kjell Nese***
**Prestegarden, 5260 Indre Arna**
**Tlf. 55 24 02 72**

***Kap. Trygve Johansen***
**Gamlev. 8, 5265 Ytre Arna**
**Tlf. 55 24 75 53**

***Organist Arna***
**Gunnar Tungland (vikar)**
**Tlf. 55 28 38 01**

***Kontorfullmektig Arna***
**Ella Kaaresen**
**Hølbekken 125, 5262 Arnatveit**
**Tlf. 55 24 02 41**

***Kateket Erik Rodal***
**Stuajordet 31, 5262 Arnatveit**
**Tlf. 55 24 00 41**

***Kyrkjetenar Arna***
**Svein Mjelde**
**Lonaleitet 109, 5233 Haukeland**
**Tlf. 55 24 28 71**

***Organist Ytre Arna***
**Siri Brunvoll**
**Vågsbotn, 5090 Nyborg**
**Tlf. 55 18 45 29**

***Kontorfullmektig Ytre Arna***
**Benthe Velle Birkeland**
**Nordstrandv. 27, 5265 Ytre Arna**
**Tlf. 55 24 73 92**

***Kyrkjetenar Ytre Arna***
**Sølvi Sæle**
**Skulev. 8, 5265 Ytre Arna**
**Tlf. 55 24 88 93**

**KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA**
**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, Boks 64, 5260 Indre Arna.
**Redaktør:** Magne Mestad.
**Redaksjonsnemnd:** Klara Ulveseter, Asle Reigstad og Magne Mestad.
**Bladpengar:** Kr. 35,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.
Postgironr.: 0805 31 04445.
Trykt i Grafisk Forum A/S, Ytre Arna

**ARNA GRAVFERDSBYRÅ**
Espeland

BEGRAVELSESBYRÅENES FORENING

**Kåre Bj. Hope**
**Tlf. 55 24 08 08 – Mobiltlf. 945 01504**

*Står til teneste med alt ved dødsfall*

---

**SAMDALS** BYRÅ A/S
**JONSVOLLSGATEN 1**

**55 90 19 80 hele døgnet**
*Kommer også hjem for samtale.*
J. Teigland – M. Hamre – E. Kvamme

---

**Sarepta Blomster**
TLF. 55 24 25 95 ØYRANE TORG 5260 INDRE ARNA

*Vi utfører alle oppdrag innen blomsterdekoratørfaget*

---

**Solstrands** BEGRAVELSESBYRÅ
HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i *Arna*
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23

BEGRAVELSESBYRÅENES FORENING

DØGNVAKT
**55 32 55 50**

***Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris***



FØRERKORT KL. B
– Fornøyde kunder
– Trygge sjåfører
**Tlf. 55 24 00 83/94 68 88 41**

ERIK STEPHANSEN TRAFIKKSKOLE

---

**KIRKENS SOS**
**Treng du nokon å snakka med?**
**Ring 55 32 32 00 frå klokka 19 til 07 alle dagar**
eller mellom klokka 10 og 14 måndag til fredag

---

Frøydis SALONGEN
**Vestlivn. 75 – Garnes**
**Tlf.: 55 39 01 40**
**Stedet for moderne og fagmessig hårdesign**
**Dame • Herre • Brudepynting**
**Fagkunnskap gir trygghet**
**10 % for pensjonister alle dager.**

---

**Spesialforretning i blomster**
Dekorasjonsbinderi, buketter og kranser.
Pynting av kirke,
konsert- og forsamlingslokaler.
**Espeland Gartneri**
5230 ESPELAND TLF. 55 24 08 09
ARTHUR HOPE

---

Din lokale storbank i Arna!
**KREDITKASSEN**
Filial Arna – tlf. 55 24 05 20

---

**I MIN FORRETNING**
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.
Kleiveland A.S
*Ur og Gullsmed*
5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

---

Vi reparerer alle typer husholdningsapparat.
Monterer TV-antenner, også TV 2.
**Litangen Husholdningsservice, Garnes**
**Telefon 55 24 02 87**

# Velkomen til kyrkje

**07.06.** *Treenighetssønd. – Matt. 28.16-20*
**Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Dåp. Takkoffer til Kyrkjelydshuset.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Sokneprest Ragnvald Hemstad. Takkoffer til Norges Samemisjon.
**Takvam kl. 16.00. ELDREDAG.** Kjell Nese.

**12.06.** **Arna kl. 19.00.** Thomasmesse.

**14.06.** *2. s.e. pinse – Luk. 12,13-21*
**Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til Klubben.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Fam. gudstj. Kjell Nese. Takkoffer til Norges kr. student- og skoleungdomslag. Kyrkjekaffe.

**21.06.** 3. s.e. pinse – Luk. 19,1-10
**Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Dåp. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Takkoffer til Kyrkjelydshus.

**28.06.** *4.s.e. pinse – Luk. 15,11-32*
**Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Barne- og Ungdomsprosjektet.
**Trengereid kl. 11.00.** Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Norges kr. Student- og skoleungdomslag.

**05.07.** *5. s.e. pinse – Joh. 8,2-11*
**Arna kl. 11.00.** Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Kirkens SOS.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til AAN-rådgivningskontoret for gravide i Bergen.

**12.07.** *Aposteldagen – Matt. 16,13-20*
**Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Dåp. Takkoffer til Norges Kristne Råd.
**Trengereid kl. 11.00.** Gudsteneste.

**19.07.** *7. s.e. pinse – Sal. 119,9-12*
**Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Barne- og Ungdomsprosjektet.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Gudsteneste. Takkoffer til Den Norske Tibetmisjon.

**26.07.** *8. s.e. pinse _ Matt. 10,28-31*
**Arna kl. 11.00.** Gudsteneste. Dåp. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til Foreningen for Bibel og Bekjennelse.

**29.07.** **Takvam kl. 19.00.** Olsokgudsteneste v/Kjell Nese.

**02.08.** *9. s.e. pinse – Matt. 7,21-29*
**Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Nattverd. Takkoffer til KFUK-KFUM.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Gudsteneste. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

**09.08.** *10. s.e. pinse – Luk. 12,42-48*
**Arna kl. 11.00.** Gudsteneste. Dåp. Takkoffer til Kirkens Bymisjon i Bergen.
**Trengereid kl. 11.00.** Trygve Johansen.

**16.08.** *11. s.e. pinse – Joh. 6,66-69*
**Arna kl. 11.00.** Gudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Barne- og Ungdomsprosjektet.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til Arna og Åsane prostiråd.

**23.08.** *12. s.e. pinse – Jes. 57,15-21*
**Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Dåp. Takkoffer til Den Norske Israelsmisjon.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Kjell Nese. Takkoffer til Kirkens Bymisjon i Bergen.
**Takvam kl. 16.00.** TAKVAMSTEMNE. Johannes Melve. Kyrkjekaffi.

**30.08.** *13.s.e. pinse – Matt. 12,33-37*
**Arna kl. 11.00.** Presentasjon av konfirmantar. Kjell Nese og Erik Rodal. Takkoffer.
**Ytre Arna kl. 11.00.** Trygve Johansen. Nattverd. Takkoffer til Den indre Sjømannsmisjon.